

Utkast til modell for regionmuseum/ bygdemuseum i Nordhordland

05.09.2017 Arne Høyland

1 Bygdekulturen må takast vare på der han er og av dei som bur på bygda slik at den lokale kulturen kan formidlast i sitt rette og autentiske miljø. Dette er ein demokratisk rett som folket i bygdenoreg må ha og som gjer at alle kommunar få offentlege midlar til lokal museumsdrift med eige magasin og lokale for utstillingar, undersising og kontor.

2 Dette betyr at kommunane i bygdenoreg i stor grad må få bestemma sjølv over korleis dei vil ta vare på og formidla kulturarven og ikkje overstyrt av fylkeskommunen og sentrale museum i fylket og landet.

Folkeminne er eit effektivt middel til å føra saman ulike folkeslag og sosiale grupper og til å bekrefte deira kuturelle identitet.(UNESCO)

Det at bygdene og kommunane får utvikla sine eigne museum og kulturinstitusjonar vert eit viktig verkemiddel som skal vera med å byggja bruer mellom bykulturen og bygdekulturen og syta for at minoritetsgruppene som bur på bygdene ikkje vert overstyrt av sentrale myndigheiter og byane sine interesser.

3 Det må lovfestast rett (folkerett) til lokale folkemuseum i alle kommunar, med eige magasin, utstillingslokale og kontor. Kulturen må takast vare på der han er og formidlast i sitt rette og autentiske miljø. Kvar kommune får tildelt offentlege midlar til oppretting og drifta av lokale museum.

4 Skulane må delta i dokumentasjon, innsamling av kulturminne og formidlingsarbeidet til museet. Dette kan gjerast ved at skulane vert med i arbeidet med å laga nye kommunale temautstillingar kvart år, som vert opna i sumarhalvåret og som går som vandreutstillingar i dei andre kommunane i regionen resten av årer.

5 Samarbeid med kunstnarane

Lokale kunstnarar må kunna slutta seg til arbeidet med nye utstillingar og gje sitt bidrag ved å bruka kulturarven som utgangspunkt for nye kunstuttrykk

6 Museumsmodellen tek utgangspunkt i Nordhordland som kulturbiotop,

d.v.s. den tusenårgamle levemåten der havfolk, fjordfolk og fjellfolk overlevde på naturressursane i regionen og samarbeidde om å overleva ved å byta varer og tenester. Å kunna dokumentera og formidla denne levemåten vert ei av hovudoppgåvene til museet.

7 Kontekst kultuminne og landskap

Karateren av landslaget varierer med veksling mellom sjø, vassdrag og landomåde, i kombinasjon med forekomst av materialressursar, karakter av topografi og klima. Det er summen av desse faktorane som har lagt premissar for utviklinga av den lokale kulturen. Det vert difor viktig å visa samaheng mellom kulturen, kulturminna og naturen og produksjonslinjene for ulike produkt i ulike landskap.

8 Nokre viktige tema - handverkstradisjonar

Transportmidla er følsomme indikatorar på karakter av landskapet og inngjekk som viktige hjelpemiddel i vår nære fortid

Bygningar, materialbruk og konstruksjonsbruk er også tilpassa karakteren av landskapet

Matproduksjon basert på landbruk, støl/seterbruk, skogbruk, vassbruk og sjøbruk d.v.s. bruken av resursane i vassdrag, i sjøen og på land


Tilverking av klede og andre tekstilar

Brennsel

Vatn

Meir om den regionale biotopen her

https://www.miljolare.no/aktiviteter/kulturminner/vart/resultater/?a_id=903088



<https://museumnytt.blogspot.no/2017/09/museumsmodeell-for-bygdemuseum.html>

Bygdekulturen og den samiske kulturen har noko til felles.

Situasjonen til den utrydningstrua tradisjonskulturen på bygdene, har ein del til felles med situasjonen samekulturen står i, og det er difor interessant å sjå på eit prosjekt som er igangsett for å verna samekulturen.

I vår nære fortid, før elektrisiteten, levde folket på bygdene meir og mindre som naturfolk, og var i stor grad sjølforsynt med varer som brennsel, vatn, mat og klede, bygnigar og transportmiddel.

Her kan det vera på sin plass å visa til stortingsmeding 35 (2012-2013) og det UNESCO

Meld. St. 35 (2012–2013)Framtid med fotfeste

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kld/dok/regpubl/stmeld/2012-2013/meld-st-35-20122013/4/2.html?id=725051>

Kulturell verdiskaping innebærer økt kunnskap og bevissthet om lokal kultur- og naturarv, særpreg, tradisjoner, historiefortelling og symboler som gir grunnlag for formidling og utvikling av en stedlig identitet og stolthet.....

Kilde: Telemarksforskning, 2013. P.I.Haukeland og B.A.Brandtzæg

UNESCO skriv òg noko om denne problemstillinga

http://www.regjeringen.no/upload/KUD/Kulturvernavdelingen/Rapporter_Utredninger/Immaterieell_kulturarv_i_Norge_AMBU_2010.pdf

s.21

4b: Konvensjonens kjerne - kulturbæreren og kunnskapen

Selv om konvensjonen handler om det immaterielle, dekker den også «[...] tilhørende instrumenter, gjenstander, kulturgjenstander og kulturelle rom [...]». Presiseringen av sammenhengen mellom immateriell og materiell kultur er viktig, da alle materielle kulturuttrykk vil ha en immateriell sfære. Nettopp fordi kultur er overlevert og delt mellom mennesker, vil også immaterielle kulturuttrykk ha en fysisk side. Det handler dermed om å forstå kulturuttrykk i sin helhet, og ikke som en enhet isolert fra sine omgivelser, som beskrevet i kapittel 2.

s.31

Árbediehtu-prosjektet er et pilotprosjekt som kan bli et metodisk nybrottsarbeid i samisk sammenheng.....

I prosjektet har det vært et mål at lokalbefolkningen selv skal få større innflytelse over utnyttelsen av sin egen kunnskap. Prosjektet understreker betydningen av den lokalbaserte tilnærmingen til dokumentasjon og bevaring av tradisjonskunnskaper.

Dette betyr at inkludering av tradisjonsbærere og lokalsamfunn er avgjørende for en vellykket bevaring av samisk, tradisjonell kunnskap, og dermed av samisk, immateriell kulturarv.....